



MELDING FRÅ UNGDOMANE INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

23. februar 2017

Innhald

Innleiing og metode	3
Ungdomsrådet	4
Melding frå dei unge	5
Temaoversikt	6
Tema 1: Regionsenterutvikling	7
Tema 2: Industri og næring	9
Tema 3: Attraktive nærmiljø	10
Tema 4: Kultur og frivillig arbeid	12
Tema 5: Klima og miljø	13
Tema 6: Livsmeistring og fellesskap	14
Tema 7: Kommunale tenester	15
Tema 8: Samfunnstryggleik og beredskap	16

Innleiing og metode

Barnekonvensjon blei vedtatt av FN i 1989. Norge ratifiserte (les; godkjente) FN's Barnekonvensjon i 1991, men først i 2003 vart Barnekonvensjonen (BV) del av norsk lov. I BV artikkel 12 heiter det; «Alle barn har rett til å seie meininga si, og det skal bli tatt på alvor». Hausten 2016 vart Ungdomsrådet i Lindås invitert til å medverke til arbeid kring kommuneplanen sin samfunnsdel. Ungdomsrådet i Lindås består av 10 ungdommar, 2 frå kvar ungdomsskule og 2 frå vidaregåande skule.

Metode

I møte 24. oktober 2016 drøfta ungdomsrådet invitasjonen til å delta i arbeidet med ny kommuneplan. Medlemmane synes det var ei spennande utfordring å drøfta korleis dei kunne involvere andre. Tidspunktet var litt vanskeleg, sidan november er tida for tentamen og mange skuleoppgåver. Det vart likevel bestemt at vi ville klare å gjennomføre møte med elevråda på ungdomsskulane og Knarvik vidaregåande skule. Når det var overstått, skulle ungdomsrådet bruke tid i januar å samanfatte innspela som var kome inn.

Ungdomsrådet sine møte

- 24. okt:** Drøfting kring medverknad
- 29. nov - 16. des:** Møte med elevråd (sjå neste boks)
- 12. jan:** Kultur- og frivilligarbeid, attraktive nærmiljø og regionsenterutvikling
- 24. jan:** Industri- og næring, klima- og miljø, livsmeistring, kommunale tenester, samfunnstryggleik og beredskap
- 6. feb:** Gjennomgang av rapport
- 10. feb:** Rapporten ferdig
- 23. feb:** Overlevering av rapport

Elevråda sine møte

- 28. nov:** Knarvik vidaregåande skule
(Anette & Eileen)
- 30. nov:** Ostereidet ungdomsskule
(Baste, Marius og Eileen)
- 1. des:** Knarvik ungdomsskule
(Simon, Emile og Eileen)
- 9. des:** Nordhordland kristne gr. Skule
(Morten, Bjarne og Eileen)
- 16. des:** Lindås ungdomsskule
(Vilde, Elise og Eileen)

Vi hadde eit godt samarbeid med skulane og kontaktlærarane. Det vart sett av om lag to timer på kvar skule. Det var mange gode drøftingar om dei ulike fokusområda. Felles for alle møte, var at det var fokusområde som omhandla kultur- og frivillighet, attraktive nærmiljø og regionsutvikling som skapte mest engasjement. På fokusområde som omhandla samfunnsberedskap og tryggleik gav ungdomane uttrykk for at dei hadde lite erfaring.

På møte i ungdomsrådet 12. januar vart fokusområda frivillighet, attraktive nærmiljø og regionsutvikling drøfta. Innspela frå elevråd vart drøfta og rådet samanfatta desse.

På møte i ungdomsrådet 24. januar vart fokusområda industri og næring, klima og miljø, livsmeistring, kommunale tenester, samfunnstryggleik og beredskap drøfta. Rådet gjekk gjennom innspela og samanfatta desse.

Ungdomsrådet er glad for å ha blitt invitert med i prosessen, og seie kva dei meiner er viktig i framtida. Hadde vi hatt betre tid, kunne vi ha involvert fleire ungdommar. Men utfrå dei erfaringane vi har fått, vil vi ha eit tettare dialog med elevråda på skulane når vi skal jobbe med andre sakar, for å få eit større engasjement blant ungdom for sakar som angår dei.


Ungdomsrådet 2016-2017




Anette Andersen Sæbø
Knarvik vgs (leiar)



Anja Hodneland Gjertsen
Knarvik vgs



Morten G. Stokke
Nh Kristne Grunnskule



Baste S. Fjellanger
Ostereidet u.skule



Marius Hellan Hindenes
Ostereidet u.skule



Simon Lie
Knarvik ungdomsskule



Wilde Herland
Lindås ungdomsskule



Elise Hellebø Haugen
Lindås ungdomsskule



Bjarne Karlsen Vatnøy
Nh Kristne Grunnskule



Emilie Mentzoni
Knarvik ungdomsskule

Melding frå dei unge

Hei ordførar, kommunestyret og rådmann,

Rapporten du sit med er eit resultat av arbeidet vi i Ungdomsrådet utførte hausten 2016. Det har vore ein lærerik og kjekk prosess for oss, og vi er stolte av rapporten som vi leverer til Lindås kommunestyre.

Vi har hatt møte med elevråd på Knarvik vidaregåande skule, Knarvik ungdomsskule, Ostereidet ungdomsskule, Lindås ungdomsskule og Nordhordland kristne grunnskule, ungdomssteget. Vi har fått mange gode innspel på kva ungdom i Lindås er opptekne av og tankar om framtida.

Vi i ungdomsrådet vonar at de høyrar på kva ungdommane meiner og at de nyttar dykk av rapporten vår når de skal jobbe vidare med kommuneplanen sin samfunnssdel.

Anette Andersen Sæbø,
leiar av ungdomsrådet

Representanter i Ungdomsrådet 2016/2017

Anette Andersen Sæbø (leiar), Knarvik v.g. skule, VG2

Anja Hodneland, Gjertsen, (nestleiar), Knarvik v.g. skule, 3. klasse

Morten Gunnarson Stokke, Nordhordland kristne grunnskule, 9. klasse

Bjarne Karlsen Vatnøy, Nordhordland kristne grunnskule, 9 klasse

Baste Skoglund Fjellanger, Ostereidet ungdomsskule, 10. klasse

Marius Hellan Hindenes, Ostereidet ungdomsskule, 10. klasse

Simon Lie, Knarvik ungdomsskule, 9. klasse

Emilie Mentzoni, Knarvik ungdomsskule, 10. klasse

Vilde Herland, Lindås ungdomsskule, 9. klasse

Elise Hellebø Haugen, Lindås ungdomsskule, 10. klasse

Tema i samfunnsdelen

1. Regionsenterutvikling



2. Industri og næring



3. Attraktive nærmiljø



4. Kultur og frivillig arbeid



5. Klima og miljø



6. Livsmeistring og fellesskap



7. Kommunale tenester



8. Samfunnstryggleik og beredskap



1. Regionsenterutvikling

Kva er utfordringane i Knarvik?

- Det er flaut å vise fram Knarvik for besøkjande. Stygg, gammaldags og usamanhengande arkitektur. Du følar deg ikkje særleg velkommen til Knarvik.
- Kjøpesenteret er lite attraktivt. Treng fleire butikkar som kan lokke folk frå å dra til Åsane eller Bergen for å shoppe.
- Mange bygg treng vedlikehald.
- Knarvik må bli urban / by. Spesielt viktig når Knarvik skal bli HOVEDSTAD i den nye kommunen.
- Eit tydeleg bykjerne kan tiltrekka seg folk. Knarvik by må vera eit attraktivt stad å vere.
- Knarvik må ha aktivitet som tiltrekker folk på ettermiddag/kveldstid t.d. symjehall, kulturhus/kino
- Det må kome fleire spisestad slik at vi har større valmulighet.
- Mykje biltrafikk i Knarvik. Dei gåande blir ikkje tatt nok omsyn til – betre samanhengande gang/sykkelvegar
- Skysstasjonen kan vere litt skummel pga ein del rusmisbrukare oppheld seg der eller i nærleiken
- Det skjer ikkje noko i Knarvik når senteret stenge. Då blir Knarvik «lukka» og staden er «død».
- Vi manglar gode møteplassar for ungdom - ungdomshus i Knarvik.
- Vi treng fleire bustadar for ungdom (eige/leige)
- Betre kollektivtilbod til distrikta.
- Båt mellom Knarvik – Bergen må ha fleire avgangar

Kva er bra?

- Nordhordlandshallen og alle idrettsanlegga er bra.
- Brekkeløypa og løypa rundt Kvassnes er kjempebra! Mange brukar løypene. Kjempviktig å ta vare på!
- Knarvik kyrkje er fin og blir mykje brukt
- Ungdomskontakten Salto er ok
- Korte avstandar (førebelts!)
- Gode kollektivforbindelse til/frå Bergen
- Musikkhuset til Eikanger/Bjørsvik
- Bra med kjøpesenter der alt er samla under tak

Korleis vil vi ha det?

Vi vil ha meir liv i sentrum:

- Park/grøntanlegg
- Møteplassar inne/ute
- Leikeplassar
- Benkar og bord
- Muligkeit for utandørs arrangement t.d. konsertar

Hus/bygningar:

- Vi vil ha fine, moderne hus og bygningar som også dei med spesielle behov kan nyttja
- Vi må få eit mykje kulare kjøpesenter med kulare butikkar for ungdom
- Vi må få ny hall i Knarvik. Nordhordlandshallen er SPRENGT

Knarvik må haldast rein og ryddig:

- Alle bygg må haldas vedlike
- Plukke boss – sette ut nok bosspenn rundt omkring der folk ferdes
- Dugnadar der alle bidreg til å rydde om våren

Tryggleik:

- Det må vere trygt å ferdas i Knarvik
- Fotgjengarane må kome før bilane
- Det må bli lettare for syklistar å ferdes i Knarvik – til og frå
- Få bort gjennomgåande trafikk gjennom Knarvik- tunnelar?

Kva må vi gjere for å få det betre?

- Dei som eig hus/bygg i Knarvik må ta ansvar for at desse vert ordna og fiksa
- Alle må ta ansvar for at de ikkje kastar boss
- Ein må finne betre løysingar for trafikken



Skysstasjonen i Knarvik! Foto: Ungdomsrådet



Det er ekkelt på kaia i Knarvik, når det er masse råding der om kveldane.
Foto: Ungdomsrådet

2. Industri og næring

Kva er utfordringane til Lindås?

- Vi treng gode lærlingeplasser
- Vi treng interessante jobbar slik at vi ikkje må reise til Bergen for å få jobb
- Få vekk industri i sentrum og plasser det i eigne næringsområde
- Bygge fleire næringsområde rundt om i heile kommunen
- Knarvik vg skule må ha mange, gode tilbod
- Alle må få vere med, både dei med spesielle behov og flyktningar
- Ikkje mange ungdom som drøymer om jobb i oljeindustrien lenger
- Vi må bli mindre oljeavhengige
- Vi treng klimavenleg næringsliv
- Vi må bli meir innovative og skape nye arbeidsplassar
- Vi må satse meir på fisk og aquakultur
- Vi treng større mangfald i arbeidsmarknaden og grundere må få hjelp

Kva er bra?

- Mongstad har mange godt betalte arbeidsplasser.
- Korte avstandar i Nordhordland og mellom Nordhordland – Bergen
- Knarvik vg skule
- Vi har mange flinke lærare i skulane våre
- Vi har bra fritidsaktivitetar og fine stader å bu, enten du vil bu på eit lite sted eller du vil bo i sentrum – LINDÅS ER EIN ATTRAKTIV KOMMUNE
- Flykningar får lære norsk, men vi må bli betre på å inkludere dei
- Vi har mange arbeidsplassar, men vi treng fleire.

Korleis vil vi ha det?

- Lindås må vere ein kommune der vi kan bu og jobbe.
- Det må vere moglegheit for mange typar utdanning slik at ikkje ungdom må flytte langt vekk for å bu på hybel når dei berre er 15-16 år
- Vi treng fleire typar bustadar slik at alle kan bu og jobbe i Lindås
- Vi må bli meir klimavenlege, spesielt på Mongstad!
- Ungdomsskulane må ha gode rådgjevarar som kan gi ungdom gode råd om kva for yrke dei bør satse på i framtida, ut frå forutsettinga til den enkelte
- Lindås må ha gode nærmiljø, gode skular, barnehagar, fritidstilbod og butikkar sånn at folk har lyst å bu her og ha muligkeit til å få seg jobb her
- Alle må ha eit stabilt og raskt internett
- Gode vegar. Få vekk «trafikkmaskinen» i Knarvik. Bygg tunnelar der det er mogeleg.
- Parkeringshus i Knarvik. Bygg under senteret

3. Attraktive nærmiljø

Kva er utfordringane i Lindås?

- Nokre stadar er det lange avstandar.
- Vi treng gode og rimelege kollektivtilbod i heile kommunen. Vi treng ringbussar for å kunne reise rundt i den nye kommunen. Gjere om til «sone 1» slik som «sone Bergen» Det gjeld både buss og båt. Det må lønne seg tidmessig og økonomisk å reise kollektivt
- Betre kollektivtilbod som korresponderer med buss frå Knarvik
- Båt tilbod mellom Knarvik/Frekhaug og Bergen må styrkast.
- Det må kome gang/sykkelvegar slik at ein kjem seg fram trygt og enkelt
- «Park n' ride» konsept der folk kan parkere bilen og ta buss til skule/jobb
- Gode møteplassar for ungdom som er ope for alle
- Det må også byggas utleigebustadar for dei som må bu på hyblar pga skulegang. Knarvik vg skule har t.d. som ein av 17 skulestader i Norge, TAF line (tekniske og ålmenne fag). Elevar frå heile landet kan søkje seg til Knarvik for å gå på denne linen. Det kan vere vanskeleg å finne gode utleigebustadar til ei rimeleg penge.
- Alle skulane må vere i god stand. Det må byggas gang/sykkelvegar og idrettshall må byggjas om vi skal ville busetje oss der som vaksne om 10-15 år.
- Det må leggas til rette for at fleire kjørar elbilar
- Mange fryktar nedlegging av skular pga låge elevtal

Kva er bra?


- Det som gjer Lindås til eit bra sted å bu er folka som bur der!
- Det er trygt for barn og unge og vekse opp – godt og nært miljø
- Mykje fin natur
- Det er korte avstandar mellom idrettsanlegg for dei som bur i Knarvik og Alversund og på Lindås
- Lindås kommune har pusset opp mange av skulane. Alle skulane må pussast opp
- Det er eit godt idrettsmiljø i Lindås. Lindås har alltid vært ei god idrettskommune. Idrett har ført til god samhald i bygdene. Det er derfor viktig at lag saman med kommunen, framleis legg forholda til rette for utvikling av idrett i heile kommunen.
- Sterke bygder
- Ungdom får vere med å bestemme
- Ikke mykje mobbing

Korleis vil vi ha det?

- Vi vil bu eit sted der vi har butikkar og skule i nærleiken av der vi bur
- Vi vil ha gode læare og fine skular
- Vi vil ha idrettsanlegg
- Vi vil ha leikeplassar
- Vi vil ha bra kollektivtilbod
- Vi vil ha fin, rein natur rundt oss
- Vi vil vere med å bestemme korleis vi skal ha det
- Vi treng gang/sykkelvegar
- Ingen må mobbes

Kva kan vi gjere for å få det betre?

- Alle må ta ansvar for å halde det fint i nærmiljøet (plukke boss og ordne ting som er ødelagt). Då vert vi attraktive!
- Fine skular, gode fritidstilbod – trygge nærmiljø
- Gjere det lettare å finne informasjon om kva som skjer rundt i kommunen
- Det må vere bustader for alle
- Det må finnes arbeidsplasser, også lærlingplasser
- Folk må få vere med å bestemme kva som skal skje
- Fortsett med MOT



Utsikt mot Knarvik frå Veten. Foto: Ungdomsrådet

4. Kultur og frivillig arbeid

Kva er utfordringane i Lindås kommune?

- Vi manglar kulturhus i Knarvik. Den må innehalde kino, kulturskule, bibliotek, dansesal og teatersal og vere open på ettermiddag/kveld og i helga.
- Vi har bygdekinotilbod på Fammestad, men vi må få skikkeleg kinotilbod i Knarvik
- Ordentlig symjehall som er open for alle! Så slepp vi reise til Bergen eller Manger
- Vi har mange fritidstilbod (fotball, handball, korps, kulturskule mm). Vi ønskjer større mangfold slik at ikkje alle gjer dei same tinga.
- Vi treng fleir brukshall på Ostereidet og i Alversund og ny hall i Knarvik. Nordhordlandshallen er sprengt!
- Vi hadde bowlinghall før, men den ble stengt. Mange saknar dette tilboden, så det må jobbas for å få det tilbake igjen.
- Møteplassar for ungdom. Ikkje alle driv med idrett eller korps. Og dei som driv med idrett eller korps må også ha ein stad å vere når ikkje dei driv med idrett eller kors. Vi vil ha eit Ungdommens hus i Knarvik der ungdom frå heile kommunen kan møtas og bli kjend med kvarandre.
- Gode tilbod også for dei med spesielle behov – alle må med!
- Vi må vite korleis vi kan bli frivillige og kva for behov som finnes. Å jobbe som frivillig er bra for samfunnet og bra å ha på CV-en når ein skal søkje skule og jobb
- Lindås kommune må ha gode heimesider der ein lett kan finne info om kva som fins av aktivitet og tilbod
- Det hadde vært fint om det kan leggas betre til rette for «kvardagsaktivitet» som ikkje treng å organiseres. Døme kan vere treningsapparat i turløypar, sandvolleyball, parkour, park.
- Må få tilbake tilbod om idrettsskule for barn
- Vi må få fleire badeplassar/friluftsområde.

Kva er bra?

- Vi har bra tilbod i kulturskulen
- Klatrevegg i Lindåshallen
- Vi har eit godt idrettsmiljø i Lindås
- Vi har mange tilbod om aktivitet...men ønskjer meir variasjon
- Open hall er bra, men må vere open oftare – også søndag. Må vere open hall i alle idrettsbygg
- SALTO (ungdomskontakten) er bra
- Vi har Kraft'n ungdomsklubb (Alversund) og Klubb Entry (Ostereidet). Treng ungdomsklubb på Lindås og i Knarvik
- Bra at Lindås kommune skal tilsette ungdomskoordinator
- Vi har mange lag/foreiningar
- Fine turløypar kring i heile kommunen
- Fin natur – frå fjord til fjell

Korleis vil vi ha det?

- Alle må kunne finne ein hobby eller aktivitet dei likar
- Større mangfold av aktivitetar
- Alle må få vere med, også dei med spesielle behov, flyktningar, eldre osv
- Møteplassar inne og ute der ein også kan drive aktivitet, t.d. skatepark, boccia, parkour (, tuftepark (<http://tufteparken.no/>), volleyball osv
- Vi må ha Kulturhus og symjehall

5. Klima og miljø

Kva er utfordringane i Lindås kommune?

- Mongstad forureinar altfor mykje
- Våtare, villare klima
- Fleire må reise kollektivt / park n' ride parkering
- Fleire må kjøre elbil
- Vi må alle bli flinkare til å sortere boss
- Fleire grøntanlegg/parkar
- Bygge fleire friluftsområde med badeplass, grilling og leikeområde

Kva er bra?

- Fleire blir meir miljøbevisst
- Fleire som går og syklar
- Skulane fokuserer på resirkulering
- Bruktbutikkar

Korleis vil vi ha det?

- Når det skal byggjas nye bustader og bygg, må ein ikkje bygge i farlege sone eks nær vatn som kan stige
- Unngå å bygge i rasutsette område
- Vegar og bruar må bygges for å tåle meir vatn og vind
- Vi må bruke vær og vind som ny kjelde til energigjenvinning, t.d solcepaneler, vindmøller
- Fleire kjem til å bruke t.d. rollerboard, rollercycle og segway for å flytte på seg. Då treng vi gode, jamne fortau så ikkje folk vert skadde
- Folk må vere miljøbevisste
- Det må vere enkelt å ta gode miljøval
- Butikkar/spisestader må ikkje kaste så mykje mat. Maten må seljast billegare
- Billig og godt kollektivtilbod
- Fleire må kjøre el-bil
- Det må byggas ladeplasser for elbilar og for rollerboard/segway
- Støtte dei som har gode idear om korleis vere meir miljøbevisst t.d. nye produkt som vert utvikla
- Skular og andre offentlege bygg som er därleg isolertem, må fikses slik at ikkje varmen blir borte
- Det må setjast ut fleire bosspann på offentlege stadar
- Arrangere «plukke-boss» dagar
- Stort fokus på resirkulering over alt, til dømes i Knarvik senter og Lindås senter

6. Livsmeistring og fellesskap

Kva er utfordringane i Lindås kommune?

- Mange elevar spisar ikkje ordentleg mat. Vi må få tilbod om SUNN mat på skulen
- Fortsette frukt kampanje i skulen
- Vi må få fleire gymtimar men med meir spennande aktivitetar t.d. klatreveggar, sykkel, tuftepark, symjing, kampsport, fjellturar osv
- Vi kan få håndball og fotball inn i SFO
- Fleir brukshall på Ostereidet, Alversund og Knarvik
- Vi må få fleire type anlegg som t.d. symjehall, sandvolleyball, fotball, handball, Tuftepark, parkour. Ungdomsråd/elevråd må få komme med forslag når nye anlegg skal byggjas
- Betre skulerådgjeving. Altfor mange vel feil line på vg skule. Det kan koste dei tid og pengar. Ein del droppar ut.
- Robotar tek over fleire og fleire arbeidsoppgåve.
- Alle må få en sjanse i arbeidslivet, ungdom, flyktningar og andre som treng ekstra hjelp
- Vi må ha gang/sykkelvegar sånn at alle kan gå og sykle trygt. Vegane må henge saman slik at ein kan sykle frå t.d. Knarvik til Lindås, Alversund eller Ostereidet
- Mange kunne tenke seg å jobbe frivillig om vi veit kva for behov som finnes, t.d. besøkje eldre, hjelpe dei med praktiske ting osv

Kva er bra?

- MOT er eit bra prosjekt
- Betre tilbod til dei som ikkje er superflinke på skulen t.d. arbeidspraksis
- Vi har mange fine turløyper som blir mykje brukt
- Vi har mange fine idrettsanlegg rundt kring i heile kommunen

Korleis vil vi ha det?

- Ingen skal mobbes!
- Vi må ha kjekke aktivitetar å drive med (organisert- og uorganiserte aktivitetar)
- Alle som vil må kunne få seg jobb (t.d. lærlingeplassar / språkpraksisplassar / praksisplassar)
- Alle som vil må får lov til å vere med i lag/foreiningar
- Det må bli mogeleg å finne ut om det er nokon som har behov for hjelp frå frivillige. Å jobbe som frivillig er bra for samfunnet og bra å ha på CV-en, er bra for den som får hjelp og bra for den som hjelpar
- Betre skulerådgjeving slik at dei som skal søkje vg skule veljar rett linje – KJEMPEVIKTIG!
- Betre og sunnare mattilbod på skulane KVAR DAG!
- Snakk med ungdomsrådet om sakar som har med ungdom å gjere!
- Ungdommens helsestasjon
- Vi vil ha fleire helsesøstre i skulane, som har tid til oss ungdomane.

7. Kommunale tenester

Kva er utfordringane i Lindås kommune?

- Det må vere lett å kome i kontakt med kommunen – bruk meir teknologiske løysingar
- Kommunen sine tilbod må vere enkle å finne ut av
- Skulehelsetenesta må bli betre. Altfor få helsestrener som skal hjelpe altfor mange elevar. Helsestrenerne skal ta seg av elevar som slit med psykiske problem, drop-outs, mobbing osv. KJEMPEVIKTIG OPPGÅVE
- Gode fritidsklubbar på Lindås, Knarvik, og Ostereidet
- Det må vere enkelt for eldre å få den hjelp dei treng, t.d. sjukeheimspllass, heimeteneste, omsorgsbustad, omsorgsteknologi
- Barnevernet må hjelpe barn og unge som slit og ikkje har det bra.

Kva er bra?

- Helsestasjon for ungdom i Knarvik
- Gode lærare på skulane
- Nok barnehageplassar
- MOT prosjektet
- Lindås kommune har pusset opp mange av skulane dei siste åra. Alle skulane må pussast opp
- Omsorgsteknologi for eldre
- Lindås kommune skal tilsette ungdomskoordinator
- Lindås kommune eig dei fleste idrettsanlegg i kommunen – det bra for alle
- Ok tilbod gjennom kulturskulen
- Ungdomsrådet
- Ungdommens kulturmønstring
- Ungdomsklubbar, men lokalane til Kraft'n er därlege. Treng ny plass å vere!
- Ungdomskontakten Salto kan hjelpe dei som slit med ulike problem

Korleis vil vi ha det?

- Kommunen må fortsatt ha ungdomsråd
- Det må kome fleire kultur- og fritidsaktivitetar (open hall, fritidsklubbar, ukm osv)
- MOT må fortsetje
- Fleire kultur- og fritidstilbod til ungdom (m.a. symjebasseng/kulturhus/kino)
- Ungdommens hus i Knarvik der vi kan møte og bli kjend med ungdom frå heile Lindås
- Omsorgsteknologi er bra, men vi må ha folk som jobbar med eldre også
- Omsorgsbustadar for eldre og for menneske med spesielle behov som treng det
- Dei som treng sjukeheimspllass må få det
- Omsorgsteknologi må vere eit tilbod til eldre og andre som treng det
- Kanskje vi kan gjere meir frivillig arbeid om vi veit kva som må gjerast og korleis vi kan vi ut av det?
- Betre vegar. Nokre vegar er veldig dårlege at ein nesten ikkje kan kjøyre på dei – eks Festo vegen
- Trafikktryggleik. Viktig at alle kan ferdes trygt i trafikken, både gåande, syklande og dei som køyrar bil
- Barn som ikkje har det bra må få hjelp av barnevernet. Barnevernet må finne gode forster-familiar
- Dei som treng hjelp til å kjøpe seg bustad må få hjelp (Startlån)
- Nok barnehageplassar til alle som treng det.

8. Samfunnstryggleik og beredskap

Kva er utfordringane i Lindås kommune?


- Alle skal føle seg trygge heime, på skulen, i arbeid og på fritida
- Kommunen må passe på at ikkje det vert bygd hus i nærleiken av stedar det kan kome ras eller flaum

Kva er bra?

- Kommunen har kriseteam som tek av seg av krisehandtering når noko skjer
- Det er Refleksaksjon om hausten for å få alle til å nytte refleks når det vert mørkt
- «Bruk hjelm» aksjon for å få folk til å bruke hjelm når dei sykler
- Det er bra med sykkelveg og gangveg
- Vi må ha gode vegar slik at ikkje nokon har ulykke pga hol i vegen
- Det er bra at det er nedsett fartsgrense i nærleiken av skular

Korleis vil vi ha det?

- Godt samarbeid mellom alle redningsteneste og kommunen
- Natteramnar i alle skulekrinsar
- Vi må fortsatt ha kampanjar for refleks, hjelm, trafikktryggleik, rus og andre problema vi ser
- Sjølvforsvarskurs for ungdom der vi kan lære enkle grep for å komme oss ut av ein situasjon
- Vi må ha gangvegar og sykkelvegar som heng saman
- Fotgjengarfelt
- Opplyste turvegar
- Alle må lære seg å symje! Symjeundersvisning i skulen er altfor därleg
- Alle som har bedrifter må følgje lovar og reglar om tryggleik og miljø
- Det må vere lovar og reglar for kor ein kan byggje hus/skular/bedrifter. Ikkje steder der det kan bli ras/flaum



Tomme hus tiltrekker seg folk som gjer hærverk. Det er skummelt! Foto: Ungdomsrådet



